



Lågterskeltilbod logopedi

Lågterskeltilbodet tek i mot det meste av vanskar som gjeld språk og kommunikasjon hjå barn og unge i barnehage- og grunnskulealder. Alle som kontaktar oss får tilbod om å møta logoped. I hovudsak er det «mindre» vanskar som er mest aktuelle for arbeid gjennom lågterskeltilbodet. I ein del saker tilrår logopeden at ein tilmelder PPT. Dette skal då skje på vanleg måte. Ein kan kontakta lågterskeltilbodet for å få samtale og noko rettleiing frå logoped der vanskane er meir omfattande, men dersom det er behov for eit større og meir varig arbeid skal dette skje etter sakkunnig vurdering frå PPT, og påfølgjande enkeltvedtak.

Logopeden drøfter gjerne saker anonymt med skule/barnehage/helsestasjon/andre instansar.

Alle som kontaktar oss blir bedne om å fylla ut digital førespurnad om lågterskeltilbod hjå logoped. Du finn skjemaet på nettsidene til Voss herad: <https://voss.herad.no/tenester/barn-og-familie/pedagogisk-psykologisk-teneste-ppt/logopedi/>. Her ber me om kontaktinformasjon, årsak til at ein tek kontakt, informasjon om relevante vanskar i familien, informasjon om høyrsel, samt informasjon om eventuelle vanskar med eting/munnmotorikk. Me ber også om samtykke, slik at logopeden kan kontakta til dømes barnehagen eller skulen for å få nødvendig og relevant informasjon. Det er ikkje nødvendig å fylla ut dette før ein ringer oss.

Døme på aktuelle saker:

Språklydsvanskar

Barnet kan ikkje seia R-lyd, blandar ulike lydar, det er vanskeleg å forstå kva barnet seier.

Taleflytvanskar (stamming, løpsk tale)

Saker der ein er usikker på om barnet stotrar eller stammar. Her er det viktig å presisera at ein ikkje skal venta og sjå over lengre tid. Dersom ein er uroleg for taleflyten til eit barn skal ein kontakta logoped raskt. Barn med mistanke om stotring/stamming får prioritet.

Forseinka språkutvikling

Barnet utviklar ikkje språket sitt i vanleg tempo. Me gjennomfører ikkje formell kartlegging (testing) av språk/språkvanskar på lågterskeltilbodet.

Vanskar med munnmotorikk

Sikling ut over tre års alder, vanskar med å eta visse typar mat/konsistensar.

Denne informasjonen vart sist oppdatert 23.08.23.